

KULTUR

Forfatterbesøk til Skodje



Torsdag 22. mai får Skodje bibliotek besøk av forfatteren Britt Karin Larsen (bilde), fortel bibliotekar Kari Bigum Kvernberg.

Larsen vil snakke over temaet "Folket frå øst", om tatarane og skogfinnane.

Ho har ein omfattande litterær produksjon som begynte med ei diktsamling i 1978. Mest kjent er trilogien om tatarane som blei belønna med Norsk Pens yringsfrihetspris, Ossietzky-prisen, i 2000.

Fem søknadar om småkraftverk i Ørskog



Norges vassdrags- og energidirektorat har fått fem søknadar frå Ørskog om bygging av småkraftverk.

Dei fem gjeld fylgjande:

- * Grytatvatnet kraftverk – Grytatvatnet kraftutbygging, som vil nytte eit fall på 255 meter i Vaksvikelva.

- * Kverve kraftverk – Grytatvatnet kraftutbygging, som vil nytte eit fall på 130 meter i Vaksvikelva.

- * Vaksvik kraftverk – Vaksvik Kraft SUS, som vil nytte eit fall på 55 meter i Vaksvikelva.

- * Vestre kraftverk – Vestre kraft SUS, som vil nytte eit fall på 298 meter i Vestreelva.

- * Ørskogelva kraftverk – Ørskogelva kraft SUS, som vil nytte eit fall på 165 meter i Ørskogelva.

Ørskog kommune har fått tilsendt søknadane og skal no uttale seg om dei.



Flott med UHØRT a

ID huset i Brattvåg var fullsatt ved første forestilling til UHØRT si framføring laurdag kveld.

BB - KARI-ANN HOLGERSEN

Forestillinga starta med ein morsom utgave av sikkerhetsregler, der publikum blant annet fikk opplyst hvor nørutgangene var, og at der ikkje var flytevester under setene!

Så starta musikkspølet.

Året skulle vera 3069, og det var forbode med musikk, sang og dans.

Det var dette som var tråden i framsyninga. Vi fekk vera vitne til eit forrykande musikkspel med 18 utøvere, fra 13 år og oppover.

Åpningsscena var Jellicle song for jellicle cats. Her var alle med. Alt her fekk vi i forsmak på kva som var i vente. Fantastisk opptreden. En gjesteopptreder som var ein

del yngre, Julie Sandnes Gjø-sund, sang og dansa saman med Klara Margaret Gretarsdottir, «I just can't wait to be king» fra Løvenes Konge. Dette utførte dei utruleg bra!

Vi fekk presentert heile 14 innslag i første akt. Og her var det mange gode songarar, vi har mykje og gle oss til framover.

Fleire soloartistar fekk vi høyre, Fiona - Elisabeth Nustad som «den perfekte».

Sylvia Margrete Antoinett-Elisabeth Ullsø, den jålete frekke. Den klossete-Helga, Isabelle Hansen, som var hjelparen til den jålete frekke.

Helene Bratteng som Tabby, den vimsete/morsomme, framførte og fleire flotte melodier.

Mange flotte musikkspel:

Vi kan nemne oppsett som: Bohemian rhapsody, flott utført. Erta Berta Sukker Erta-Honey Honey, artig og flott variant.

Etter pausen hadde dei 11 ulike innslag «Do you hear the people sing/nyhetssending» med Kristiane Gabor og Adrian Bjørlykke som var journalister, og skulle dekke demonstrasjoner mot at sang og dans ikkje var lov. Dette var ein tråd gjennom forestillinga, og dei utførte dette veldig bra.

Trur der var mange våte auge då Dyon Buitenkamp som Tommy/forelska framførte «Bring her home». Han har ei fantastisk stemme, han framførte denne melodien med stor innlevelse, noko som publikum sette pris på, han fikk trampeklapp

Tommy var forelska i Laila (Benedikte Sønderland Hurlen), men dei var medlem i to forskjellige gjenger, så Tommy fikk advarsel om at om han blei saman med henne, fekk han ikkje vere med i gjengen meir.

Turid Skjelten dukka også opp overraskende for oss. Ho fram-

førte «The Chief Commanders Song/I know the truth.» Flott framføring.

Det enda med at gjengane blei til ein, men forbodet mot å synge og danse blei ikkje oppheva.

Til slutt fekk vi ein forrykande opptreden med alle: «Unity- you cant stop the beat»!

Vi kunne godt tenkt oss og klappa fram eit ekstranummer her, men som avslutning gikk «brannsi-rena», og utovere, musikken og etter kvart publikum måtte forlate salen, litt i tvil om det var ekte eller ei.

Takk for ein flott kveld der alle deltakarar gav alt. Vi fekk oppleve mange stemninger, triste, morsomme og vakre.

Turid Skjelten (og gode hjelpere som ho sjølv seier) har hatt regien. Manus: Turid Skjelten og Dyon Buitenkamp.

Dei fire musikanane Bjørn Skjelten-trommer, Ivar Holsvik-piano, Ketil Strand-gitar og Kjetil Hjelle-bass, ville halde



Regisor Turid Skjelten fortel om øving ein gong i veka, med intensiver fram mot forestilling.



Tre glade og nøgde jenter som har vore med med sang og dans. Synne Remme Reitan, Helene Bratteng, Isabelle Dalhaug Hansen



Ingrid Hurlen har eit barnebarn, Benedicte Hurlen, som er med i musikkspillet, og ho er storleg imponert!



Sigurlin Margret Gretarsdottir var veldig nøgd med forestillinga. Ho har saman med Norunn Sønderland og Ane Myklebust sminka.

la Brodaway

seg litt i bakgrunnen, men dei var svært nøgde med utøvarane og instruktøren. «ho har gjort det igjen» blei det kommentert fra en musiker.

Andre medverkande:

Styling: Sigurlin Margret Gretarsdottir, Ane Myklebust Skjel-

ten, Norunn Sønderland. Regi, dramaturgi: Endre Volden Håvard Sveås: arrangement. Ingrid Grytten Vegsund, Sofie Skjelten: danseinstruksjon Kristy Winspur Bardsnes, Synnøve Røren Strand: dansekoreografi. Jonas Driveklepp: foto/film. Geir Atle Ellingsen - Husets

mann/altmuligmann Tove Remme Reitan, Lena Merete Toven: Sufflør. Lys: Terje Hansen. Lyd: Sverre Valderhaug.



Dette er UHØRT

UHØRT er ei gruppe ungdom frå Haram, i alderen 13 år og oppover. For å vera med her, treng ein ikkje vera flink til å danse og synge og spele skodespel. Det skal vera ein plass der alle skal lære seg å bli flinkare saman. Det blir jobba med å skape ein god, trygg ramme for utvikling og meistring. Som dei skriv sjølve: «Vi er alle unike, og saman får vi til så mykje meir!» «Det er stor utskifting i gruppa, fordi dette er ei aldersgruppe som flyttar ut av kommunen for å ta skulegang. Mykje av tida blir derfor brukt til opplæring og meistring, og kvaliteten på gruppa vil derfor variere fra år til år. Sjøær er uansett eit gjennomgangstema!» seier dei.

Vårmarked i Brattvåg utan restauranttelt

- Det vert dessverre ikkje noko av restauranttelt og kokk, som Bondens Marked ville kome med på Vårmarkedet, fortel Ragnhild Marken i arrangementkomiteen.

- På grunn av diverse formelle ting i høve til fylket, måtte konseptet utsettast. Ragnhild håper på at dei kan få det til neste år.

Bondens Marked kjem likevel med boder som vanleg.

Ikkje utviding av Skodje namnenemnd

Skodje KrF har i eit brev til kommunene peika på at berre seks av dei sju bygdelaga i Skodje er representert i nemnda, trass i at alle delar av kommunene skulle vere representert. Skodje Namnenemnd består i dag av Kari Grindvik, Per Stette, Harald Honningdal, Dag Brusdal, Arne Utvik og Reilulf Erstad. KrF kom med framlegg om at Solveig Valde kunne representere området Valle, Håem og Svorta. Formannskap og kommunestyret vedtok at det ikkje var formålstenleg å endre samansettinga no.

Jorun Olsen Fosnes fritatt i Eldrerådet i Skodje

Jorun Olsen Fosnes har frå Skodje kommunestyre fått fritak frå vervet som medlem i Eldrerådet, grunna helsemessige årsaker. Tor Ulvestad er vald inn som nytt medlem for resten av perioden (2011-2015), og ny personleg vara for Ulvestad er Hilmar Stein.

Skodje kommune inngår avtale med Nordre Sunnmøre Kemnerkontor

Skatteoppkrevararen i Skodje kommune frårter stillinga si frå 1. april. Kommunene har innhenta tilbod om vertskommunesamarbeid med Nordre Sunnmøre Kemnerkontor (NSK). Kostnaden for denne tenesta er omlag på linje med å ha eigen skatteoppkrevar, 620.000,- pr. år. Risiko og det kompliserte lovverket vert teken hand om av NSK. Kommunestyret vedtok med 11 mot 10 røyster å gå inn for denne avtalen.